



# DEN NORSKE KYRKJA

## Vevring sokneråd

*dok. 128*

Kultur og Kirkedepart.	
200800738	1.9.08
Kode: Ki-501	Beh: .....

Kultur og Kirkedepartementet  
Postboks 8030, Dep  
0030 OSLO

Vår ref.:

Deres ref.:

Datert: 28.08.2008

## Styrka demokrati i Den norske kyrkja.

### Høyringsinnstilling

#### frå Vevring Sokneråd

Arbeidet med demokrati i Den Norske Kyrkja er eit særst viktig arbeid. Vevring Sokneråd meiner det er viktig at soknerådet engasjerer seg i dette arbeidet. Det er då eit problem at innstillinga går til uttale rett før ferien og høyringsfristen er sett før rådsarbeidet er komen skikkeleg i gang igjen etter ferien. Vi har av den grunn konsentrert oss om det punktet i innstillinga som vedgår soknerådet mest. Vi vil påpeike at vi gjerne skulle ha hatt tid til å sette oss inn i heile innstillinga.

#### Valdag

Felles valdag over heile landet er viktig for å kunne samordne nasjonale og regionale informasjonstiltak og såleis skape større interesse for soknerådsvalet.

Valdag på same dag som stortingsval eller fylkes og kommuneval kan kanskje fungere, men faren er at soknerådsvalet druknar i den offentlege valkampen.

Val på same dag i alle valkrinsar for soknerådsvalet fører til store endringar og utfordringar lokalt. Det vil vere vanskeleg og fine folk og lokale nok til å kunne praktisk gjennomføre dette og i tillegg vil dei økonomiske kostnadane bli urimeleg høge.

Irene Mundal Vassbotten  
soknerådsleiar

Ola-Dag Thingnes  
sekretær